

Elektronisk rapportering via Altinn

Helsedirektoratet har innført elektronisk rapportering via Altinn for å gjera prosessen sikrere og betre. Helsedirektoratet vil ikkje gå med på rapportering utanom Altinn.

Kommunane skal fylla ut skjemaet i Altinn, signera og sende det inn gjennom Altinn til signering av revisor.

Som ei overgangsordning skal skjema for revisorattestasjon (vedlegg 2), der revisorane, saman med rådmann, underskriv på eit dokument, framleis fyllast ut og bli tatt vare på i kommunen.

Signering på skjemaet i Altinn

For deg som skal rapportere:

- Du må skaffa deg MinID eller ein av dei andre innloggingsalternativene til Altinn (obligatorisk)
- Du må be om å få delegert rolla «Helsa, sosial og velferdstenester» i verksemda di (obligatorisk)
- Den enkelte revisor som skal signera på skjemaet må inneha rolle enten som "ansvarleg revisor" eller "revisormedarbeidar" (obligatorisk)
- Ved innlogging må ein velja å representera kommunen (verksemda), og ikkje seg sjølv. Dette gjeld både den som skal fylla ut skjemaet på vegne av kommunen og den ansvarlege revisoren (obligatorisk)
- Skjemaet blir utfylt og signert av kommunen. Skjemaet blir dermed frigjort og sendt til den ansvarlege revisoren
- Skjemaet blir kontrollert, signert og sendt inn av revisoren. Skjemaet blir dermed sendt til Helsedirektoratet

Registrering av revisor i Einingsregisteret

Revisor må vera registrert som revisor for verksemda i Einingsregisteret for å kunna signere på skjemaet. Verksemda må nytta Samordnet registermelding for offentleg forvaltning på Altinn til å melda revisor. Kommunestyret kan sjølv avgjera om kommunen skal tilsetja eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annan revisor. Det er lagt til rette for å melda revisor uansett korleis kommunen organiserer revisjon, enkelt og elektronisk ved bruk av Samordnet registermelding for offentleg forvaltning. Dersom skjema blir sendt inn av eit underlagt organisasjonsledd i kommunen (til dømes helse- og sosialetaten i ein kommune), må revisor vera registrert for denne verksemda.

Når revisorrolla er registrert på verksemda i Einingsregisteret, vil revisor automatisk få Altinn-rollen "ansvarleg revisor" og revisor kan signera på det aktuelle skjemaet for kommunen. I tilfelle der eit revisorfirma er registrert på kommunen i Einingsregisteret er det dagleg leiar av revisorfirmaet som skal få Altinn-rollen "ansvarleg revisor". Dagleg leiar kan sjølv delegera rollene "Ansvarlig revisor" og "Revisormedarbeidar" vidare til tilsette i firmaet.

Grensejusteringar mellom kommunar

Se vedlagt skriv om tal på personar med psykisk utviklingshemming for kommunar som blir rørte av grensejusteringar og/eller samanslåingar (vedlegg 3).

Kontakt

Helsedirektoratet: postmottak@helsedir.no. Merk e-posten med saksnummer 15/1524.

For rettleiing i spørsmål om innlogging, navigering eller delegering av roller: Kontakt Altinn brukarservice: 75 00 60 00 / support@altinn.no.

Kommunar som får vertskommunetilskot i 2023

Askøy

Sogndal

Brønnøy

Bærum

Egersund

Kinn

Gran

Halden

Hamar

Holmestrand

Hå

Trondheim

Kvam

Kvæfjord

Indre Fosen

Orkland

Moss

Nome

Nord- Aurdal

Ringerike

Ringsaker

Saltdal

Sortland

Stange

Stjørdal

Sandefjord/Stokke

Søndre Land

Vestnes

Østre Toten

Ålesund

Ås